

Budsjett 2018

Medisinsk klinikk  
Helse Førde HF

## INNHALD

1	Samandrag .....	3
2	Status og omstilling .....	4
3	Økonomi .....	5
4	Aktivitet .....	11
5	Bemanning.....	13
6	Budsjettprosess .....	14

# 1 Samandrag

Medisinsk klinikk legg til grunn ei netto budsjetttramme på 395 363 000 kroner for 2018.

## Budsjettekniske føresetnader

Det er tatt omsyn til føringar som gjeld endring i kostnadsbilete for drifta i 2018:

Lønskostnader justert med deflator på 3,0 prosent, som også skal omfatte lønsgliding.

Driftskostnader er justert med deflator på 1,8 prosent.

Inntekter er generelt justert med deflator på 1,8 prosent. Polikliniske takstar for laboratoria og røntgen er justert med 1,5 prosent. Eigendelane justert med 0,9 prosent med verknad andre halvår 2018.

Inntekter frå innsatsstyrt finansiering (ISF) er auka med 1,5 prosent.

Samle pensjonskostnad for Helse Førde er omfordelt i høve lønsbudsjett. Medisinsk klinikk sine pensjonskostnader er samla nedjustert med 7,9 millionar kroner.

## Driftsøkonomi

Med utgangspunkt i ei vidareføring av budsjett for medisinsk klinikk i 2017, samt eit innsparingskrav på 15,7 millionar kroner grunna auka investeringsbehov og felleskostnader i Helse Førde, har vi komme fram til følgjande budsjetttramme for 2018:

<b>Budsjetttramme 2018 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	<b>381 312</b>
Prisendringar	4 338
H-resept medikament overført til ISF ordning frå ramme i 2017, inntektsauke	- 10 000
Kostnader nye pasientadministrative medikament overført til helseforetaka	14 089
Realendring H-resept	13 808
Realendring kreftmedikament	1 679
Realendring behandlingshjelpemiddel	1 920
Omlægging av "Raskare tilbake" til rammefinansiering	3 000
Overføring ramme frå pasientreise - Stab og støtte	2 500
Overføring ramme til Kirurgisk klinikk - verknad endra vekting ISF	- 1 608
Krav til inndekking	- 15 675
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>395 363</b>

Risikoen i budsjettet er relativt høg då det meste av aktiviteten/inntektene til klinikken er knytt opp mot øyeblikkeleg hjelp på tre sjukehus, og drift av laboratoria/røntgen for å kunne støtte opp om klinisk aktivitet innan medisinsk klinikk, kirurgisk klinikk og psykisk helsevern.

I tillegg overtek helseforetaka finansieringsansvaret frå folketrygda på ei rekkje nye medikament innanfor H-reseptområdet. Kva endelege kostnader for desse medikamenta blir i 2018, er ei uvisse i budsjettet.

## Aktivitet

Medisinsk klinikk budsjetterer i hovudsak ei vidareføring av aktivitet knytt til inneliggande pasientar og dagpasientar i tråd med prognosen for 2017. Det blir planlagt med noko reduksjon i poliklinisk aktivitet, spesielt ved hud poliklinikk. Målet er å oppretthalde ventetider innanfor dei normer som er gitt.

## 2 Status og omstilling

Medisinsk klinikk inneheld kliniske og diagnostiske avdelingar.

Dei diagnostiske avdelingane radiologi, patologi, mikrobiologi, medisinsk biokjemi med blodbank og avdeling for samhandling og tverrprofesjonelle tenester yter sørvis til alle klinikkar, psykisk helsevern og kommunane. Alle laboratoria og radiologi har tilnærma konstant aktivitet utan store variasjonar slik det er på sengepostar.

Sengepostane har større variasjon i aktivitet ettersom ØHJ-pasientar utgjer den største delen. Med bakgrunn i dette har prinsippet om aktivitetsstyrt bemanning større utslag i kliniske avdelingar enn dei diagnostiske. Budsjettet for dei kliniske avdelingane er utarbeidd med bakgrunn i betre planlegging med omsyn til periodar med låg aktivitet.

Budsjettarbeidet i sengepostane nyttiggjer seg element som har komme fram i døgnprosjektet. Implementering av Kule/Meona er også ein viktig føresetnad for å gjere arbeidsflyten i og mellom avdelingane så god som råd.

Behandling av kreft utviklar seg stadig, og det blir innført nye og dyrare behandlingar til ei kvar tid. Dette har verknad også for diagnostiske avdelingar som får meir kostnadskrevjande metodar.

Nokre nye område utanfor kreftområdet vert lagt inn under høgkostfinansieringa. Det er usikkert korleis dette vil påverka kostnadsbiletet til klinikken.

Kostnader til behandlingshjelpemiddel har auka sterkt dei siste åra. Dette har samanheng med teknologisk utvikling innanfor behandling av kronisk sjukdom utanfor sjukehusa. Det er til kvar tid over 4000 pasientar heimehørande i kommunane som vi forsyner med medisinskteknisk utstyr og forbruksvarer. I budsjettet har vi styrka styring og koordinering av dette området og tilført ny kompetanse.

Medisinsk klinikk har fortløpande fokus på forskning. Klinikken deltek innanfor satsingsområda til Helse Førde, og har forskingsprosjekt innanfor mikrobiologi, patologi, revmatologi, barn, medisin og kreft. I tillegg deltek vi aktivt i multisentrisk legemiddelforskning innanfor kreft og medisin. Laboratorium for medisinsk biokjemi støtter opp under mange av forskingsprosjekta.

### 3 Økonomi

Føresetnader i budsjett 2018:

Føresetnader for budsjett 2018 er ei vidareføring av aktivitet i 2017, med netto prisendring på 4,3 millionar kroner. I høve årsprognose for drifta i 2017 er det i budsjettet for 2018 innarbeidd nye tiltak for **35,8 millionar kroner**.

Årsprognose for 2017 per september er grunnlaget for tiltaka i budsjettet 2018.

Det er lagt inn ein lønsvekst på 3,0 prosent, inkludert lønsoverheng, gliding og lønsoppgjeret for 2018.

Det er lagt inn 1,8 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader.

ISF-inntektene er justert opp med 1,48 prosent. DRG-pris for 2018 er på kroner 43 515.

Utover dette er det nytta ei generell prisjustering på inntektene på 1,8 prosent.

Samla pensjonskostnad for Helse Førde er omfordelt i høve lønsbudsjett. Pensjonskostnadene til medisinsk klinikk er nedjustert med 7,9 millionar kroner.

Prisendringar på 4,3 millionar kroner er summert i følgjande tabell:

<b>Prisendring</b>	
Lønsvekst 2018: 3,0%	14 222
Korrigert pensjonskostnad 2018	- 7 799
Prisvekst kostnader 2018: 1,8%	3 896
Prisjustering ISF 2018: 1,48%. Ny pris kr. 43 515	- 4 598
Prisendring andre inntekter 2018	- 1 382
<b>Sum prisendringar</b>	<b>4 338</b>

#### Ramme 2018:

Med bakgrunn i gitte føresetnader, blir ramma for klinikken som følgjer:

<b>Budsjettramme 2018 Medisinsk klinikk</b>	
<b>Nettokostnader budsjett 2017</b>	<b>381 312</b>
Prisendringar	4 338
H-resept medikament overført til ISF ordning frå ramme i 2017, inntektsauke	- 10 000
Kostnadar nye pasientadministrative medikament overført til helseføretaka	14 089
Realendring H-resept	13 808
Realendring kreftmedikament	1 679
Realendring behandlingshjelpemiddel	1 920
Omlegging av "Raskare tilbake" til rammefinansiering	3 000
Overføring ramme frå pasientreise - Stab og støtte	2 500
Overføring ramme til Kirurgisk klinikk - verknad endra vektning ISF	- 1 608
Krav til inndekking	- 15 675
<b>Sum nettokostnader - ramme 2018</b>	<b>395 363</b>

H-resept området (Helseforetakfinansierte legemiddel som blir utlevert frå apotek):

I 2017 kom det inn 165 nye virkestoff (medikament) til H-reseptordninga.

Frå 2018 blir finansieringa av desse legemidlane overført frå ramme i 2017 til innsatsstyrt finansiering (ISF) i 2018. Klinikken får auka sitt inntektsbudsjett med 466 DRG-poeng, tilsvarande ein inntektsvekst på **10 millionar kroner**.

I tillegg kjem det inn ein rekkje nye medikament som helseføretaket overtek finansieringsansvaret for frå Folketrygda frå 1. desember 2017. Dette gjelder følgjande virkestoff:

ATC-kode	Virkestoff	Handelsnavn	Bruksområde
L01XC05	Gemtuzumab ozogamicin	Alle	Kreftsykdommer
L01XD07	Padeliporfin	Alle	Kreftsykdommer
L01XE	Acalabrutinib	Alle	Kreftsykdommer
L01XE34	Tivozanib	Alle	Kreftsykdommer
L01XX57	Plitidepsin	Alle	Kreftsykdommer
L03AB15	Ropeginterferon alfa-2b	Alle	Kreftsykdommer
L04AB04	Adalimumab	Imraldi	Hudsykdom, mage-/tarmsykdom og revmatisk sykdom
L04AB04	Adalimumab	Cyltezo	Hudsykdom, mage-/tarmsykdom og revmatisk sykdom

I tillegg er det ute på høyring overføring av finansieringsansvaret for nye legemiddel mot HIV, Hepatitt B og C og alvorleg astma frå og med 1. januar 2018. Totalt omfattar dette 49 virkestoff.

Tilsvarende får klinikken auka sitt medikamentbudsjett med **14 millionar kroner**. Kva den reelle bruk og kostnader med nye legemiddel blir i 2018 er ei uvisse i budsjettet.

I løpet av 2017 har det synt seg at auken som vart gitt i ramma for nye legemiddel i år, ikkje har vore tilstrekkeleg. For å få eit mest mogeleg realistisk budsjett for H-reseptområdet i 2018, har ein reelt auka kostnadsbudsjettet med **13,8 millionar kroner** utover prognose for 2017.

Budsjett H-resept, både med omsyn til inntekter og kostnader, er gjort etter beste kunnskap per november 2017.

#### Andre endringar i klinikken si ramme:

For legemiddel nytta til kreftbehandling administrert av helsepersonell på sjukehuset er det lagt inn ei realendring på **1,7 millionar kroner**.

Behandlingshjelpemiddel, og spesielt insulinområdet, har hatt ein markert kostnadsauke i HFD. Det er derfor lagt inn ei realendring på **1,9 millionar kroner**.

Ordninga med «Raskare tilbake» blir avvikla i 2018. Klinikken får kompensert med **3,0 millionar kroner** for øyremerka inntekt/tilskot som har vore i denne ordninga.

Klinikken får overført **2,5 millionar kroner** frå området Pasientreiser (stab og støtte) til medfinansiering av realauken som er innanfor H-reseptområdet.

Etter som endra kodeverk for 2018 gir Medisinsk klinikk ein sterkare auke i DRG-poeng (med same produksjon) enn kirurgisk klinikk, vert **1,6 millionar kroner** overført ramma til kirurgisk klinikk.

I tråd med vedteke langtidsbudsjett får medisinsk klinikk redusert si ramme med **15,6 millionar kroner**. Dette med bakgrunn i auka felleskostnader i og resultatkrav for Helse Førde i 2018.

## Tiltak 2018:

Med utgangspunkt i tildelt netto ramme på 391,0 millionar kroner (før prisjustering), må medisinsk klinikk redusere netto kostnadene ved drifta med **35,8** millionar kroner i høve årsprognosen for 2017:

Tabellen nedanfor syner korleis ein har kome fram til summen på 35,8 millionar kroner som behov for Nye tiltak i høve prognose 2017

<b>Budsjett 2017</b>	<b>381 312</b>
Netto endring nye legemiddel inn på H-resept område for 2018	4 089
Realendringar H-resept, kreftmedikament og behandlingshjelpemiddel	17 407
Kompensasjon "Raskare tilbake"	3 000
Krav til inndekking	- 15 675
Netto flytting av rammer mellom klinikkane	892
<b>Ramme 2018 før prisjustering</b>	<b>391 025</b>
<b>Prognose 2017</b>	<b>407 312</b>
<b>Innsparingskrav før ein tek omsyn til realendringar i ramme 2018</b>	<b>- 16 287</b>
Korrigerings for budsjetterte realendringar lagt inn i B18	- 17 407
Korrigerings for budsjett "Raskare tilbake", tilskot teke bort frå B18	- 2 166
<b>Behov for nye tiltak 2018</b>	<b>- 35 860</b>

Ramma som klinikken har fått tildelt er blitt delt ut på alle 11 avdelingar og 41 seksjonar.

<b>Tiltak budsjett 2018</b>	
Serviceseksjon LSH - Medisinsk serviceseksjon FSS	1 205
Patologisk avdeling	763
Laboratorie for medisinsk biokjemi og blodbank	1 485
Mikrobiologisk avdeling	719
Radiologisk avdeling	2 770
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	963
Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering	4 136
Barne avdeling	3 925
Hud avdeling	1 199
Medisinsk avdeling	15 763
Kreft avdeling	2 932
Sum endringar	35 860

Fordeling av nedtak av rammer er gjennomført med bakgrunn i personalkostnader i kvar seksjon. Diagnostiske avdelingar har fått halvert sine krav til nedtak av rammer. Dette med bakgrunn i fråvær av lågaktivitetsperiodar, og fordi dei leverer tenester til alle klinikkar. I tillegg er det omfordelt frå Nordfjord sjukehus til Lærdal sjukehus 1,0 millionar kroner med bakgrunn i kostnad per pasient.

Alle avdelingar har levert budsjett med tiltak i høve tildelte rammer. Alle avdelingar/seksjonar har gjennomført ROS analyser for dei budsjetterte tiltaka.

Samla endring i klinikken kan oppsummerast slik:

Auka inntekt	3 846
Reduserte varekostnad	2 610
Reduserte personalkostnader	28 646
Reduksjon i andre driftsutgifter	759
<b>Sum endring</b>	<b>35 860</b>

Auka inntekt omfattar justering av tilboda innan laboratoria og mindre justeringar av aktivitet i høve prognosen for 2017. Blant anna får vi heilårsverknad av fysikalsk medisinsk poliklinikk og smertepoliklinikk.

Reduksjon i varekostnad er i hovudsak relatert til endringar i kostnader knytt til rimelegare rekvisita til laboratoria (nytt utstyr og nye felles anbod) og planlagt avvikling av nukleærmedisin.

Reduserte personalkostnader blir gjennomført i hovudsak ved betre planlegging av årsturnusar på pleieområde og betre samordna fráværplanlegging i legetenesta. Årsturnusane vert i langt større grad planlagt utan dyre vakter (hol i turnus). Nedtaket av personalkostnader er såleis i all hovudsak med bakgrunn i redusert innleige og overtid for å fylle hol i turnus. Reduksjon i dei få årsverka for fast tilsette blir gjennomført ved naturleg avgang.

Reduksjon i andre driftsutgifter er noko nedjustering av postane for inventar, mindre utstyr, reiser osv.

Kort oppsummert har avdelingane komme med følgjande budsjetttiltak for 2018:

#### Serviceseksjon FSS og LSH, tiltak på 1,2 mill.:

Med bakgrunn i endra arbeidsoppgåver, samlokalisering av skranker/luker og automatisering av betalingsfunksjonar vil avdelinga redusere personalkostnadene. Endringane vil skje ved naturleg avgang.

#### Patologisk avdeling, tiltak på 0,7 mill.:

Endringane innan patologisk avdeling omfattar reduserte varekostnader grunna innføring av nytt utstyr og fellesanbod i Helse Vest på rekvisita. I tillegg vil ein LIS-stilling vere ledig i eit halvt år.

#### Laboratoria for medisinsk biokjemi og blodbank, budsjetttiltak på 1,4 mill.:

Endringane innan LMBB er i hovudsak auka inntekter grunna sal plasma og tenester til kommunane, samt rimelegare varekost ved investering i nye analysemaskiner. Innanfor personalkostnad er det budsjettet med ein mindre reduksjon av overtidsbruk.

#### Mikrobiologisk avdeling, tiltak på 0,7 mill.:

Endringane omfattar auka inntekt grunna nye analysar innan molekylarbiologi og reduserte kostnader grunna endra metodar, samt avvikling av MRSA hurtigtest.

#### Radiologisk avdeling, tiltak på 2,7 mill.:

FSS: Avvikle nukleærmedisin, halde radiografstilling ledig, redusere innleige og overtid radiologar.

NSH: Endre vaktordning radiolog, utvide MR kveldspoliklinikk og redusere radiologvikarar om sommaren.

LSH: Endre vaktordning radiolog.

#### Samhandling og tverrprofesjonelle tenester, tiltak 0,9 mill.:

Avdelinga får heilårsverknad av auka aktivitet/bemanning innan fysikalsk medisin og smertepoliklinikk. Det er tiltak på noko reduksjon av sekretærtjeneste innan behandlingshjelpemiddel.

Personalreduksjon innan fysio- og ergoterapi ved og ikkje gje tilbod om fysio- og ergoterapi til dagpasientane ved revmatologisk poliklinikk, og erstatte dagens tilbod med gruppebaserte opplæringstilbod og polikliniske konsultasjonar.



Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering, tiltak 4,1 mill.:

Avdelinga har tiltak med reduksjon to stillingar på sengepost og ei halvering av overtidsforbruket. I tillegg vil avdelinga halde ein overlege nevrologi og ein LIS-lege revmatologi ledig.

Barneavdeling, tiltak 3,9 mill.:

Avdelinga har tiltak innanfor sengeposten med reduksjon av ein stilling, samt halvering av kostnadene til innleige frå firma og overtid.

Hudavdeling, tiltak 1,1 mill.:

Tiltaka innanfor hudpoliklinikken går på ein reduksjon frå seks til fem legar i 2018. I tillegg vil det bli gjort ei vurdering av endra arbeidstider for legane.

Medisinsk avdeling, tiltak 15,7 mill.:

FSS: Halde ledig ein stilling som overlege, nedtak med ein turnuslegevikar, sengepost 1 og 2 med aktivitetstyrt bemanning – redusert innleige og overtidsforbruk, medisinsk poliklinikk samla justering av ressursar med 60 prosent sjukepleie, reduserte kostnader med heimedialyse, redusert innleige ved akuttmottak.

NSH: Aktivitetstyrt bemanning på sengepost/poliklinikk. Reduksjon i innleige frå firma og overtidsforbruk.

LSH: Reduksjon av medisinsk sengepost frå 15 til 12 senger i tråd med faktisk belegg. Ny bemanningsplan utan hol i turnus. Innsparing på innleige frå firma og overtidsforbruk.

Kreftavdeling, tiltak 2,9 mill.:

Tiltaka innanfor kreftavdelinga omfattar betre planlegging av fråvær legeressursar, omgjering av ein overlegestilling til LIS-lege, redusere bemanning på dagtid sengepost, halde ledig ein stilling for fagutviklingssjukepleiar og avvikle traineestilling.

Med utgangspunkt i endring i ramme, prisjustering og nye tiltak, blir budsjettet for medisinsk klinikk i 2018 som følger:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
Basisramme	- 22 273	- 22 814	- 22 814	- 23 430	- 616
ISF egne pasienter	- 249 082	- 259 176	- 262 849	- 275 090	- 15 914
ISF-inntekt H-resept	- 26 737	- 29 120	- 27 748	- 35 211	- 6 091
Gjestepasientinntekter	- 3 831	- 3 519	- 4 225	- 4 288	- 769
Polikliniske inntekter	- 24 839	- 25 731	- 24 848	- 25 973	- 242
Utskrivingsklare pasienter	- 585	- 372	- 645	- 632	- 259
Øremerkede tilskudd Raskere Tilbake	- 2 259	- 2 417	- 2 257		2 417
Andre øremerkede tilskudd	- 3 007	- 2 395	- 1 744	- 2 273	122
Andre driftsinntekter	- 40 862	- 41 263	- 38 266	- 37 779	3 485
<b>Driftsinntekter</b>	<b>- 373 475</b>	<b>- 386 809</b>	<b>- 385 395</b>	<b>- 404 676</b>	<b>- 17 867</b>
Kjøp av offentlige helsetenester	7 282	5 954	3 404	3 465	- 2 489
Kjøp av private helsetenester	91	14	259	70	56
Varekost	194 386	162 304	178 642	208 465	46 161
Innleid arbeidskraft	9 149	5 913	10 297	5 265	- 648
Lønn til fast ansatte	410 257	415 545	414 135	410 696	- 4 849
Overtid og ekstrahjelp	39 760	35 543	42 513	34 284	- 1 259
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	122 345	86 800	86 800	79 000	- 7 799
Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 22 830	- 21 282	- 22 012	- 20 913	370
Annen lønn	62 080	62 929	61 970	62 971	43
Andre driftskostnader	19 487	14 402	16 700	16 734	2 333
<b>Driftskostnader</b>	<b>842 005</b>	<b>768 121</b>	<b>792 707</b>	<b>800 039</b>	<b>31 918</b>
Finanskostnader	- 41				
<b>Sum</b>	<b>468 490</b>	<b>381 312</b>	<b>407 312</b>	<b>395 363</b>	<b>14 051</b>

Den enkelte linje på både inntekts- og utgiftsida er sett saman av fleire element. Det er justeringar gjort i prognosearbeid 2017, prisjustering, tiltak på 35,8 millionar og endringar i ramma til klinikken. I sum gir dette endringar frå budsjett 2017 til budsjett 2018 på samla 14,051 millionar kroner.

Justerte rammer per avdeling:

Medisinsk klinikk	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
Servicesesksjon LSH - Medisinsk servicesesksjon FSS	21 917	20 464	19 974	18 699	- 1 765
Patologisk avdeling	16 639	16 717	16 758	15 861	- 857
Laboratorie for medisinsk biokjemi og blodbank	53 379	48 500	46 799	45 878	- 2 622
Mikrobiologisk avdeling	17 985	18 177	17 550	17 010	- 1 167
Radiologisk avdeling	57 113	52 111	54 327	52 478	367
Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	40 261	29 476	36 935	41 788	12 311
<b>Sum diagnostiske/service avdelingar</b>	<b>207 294</b>	<b>185 446</b>	<b>192 343</b>	<b>191 714</b>	<b>6 268</b>
Avdeling for nevrologi, revmatologi og rehabilitering	24 226	17 172	19 378	14 053	- 3 119
Felles medisin, inkl H-resept, Feiring	53 443	26 012	45 055	64 749	38 737
Barne avdeling	38 758	35 405	34 390	31 482	- 3 923
Hud avdeling	4 034	2 771	4 490	3 722	951
Medisinsk avdeling	106 235	87 136	80 768	60 083	- 27 053
Kreft avdeling	34 499	27 370	30 888	29 560	2 190
<b>Sum kliniske avdelingar</b>	<b>261 195</b>	<b>195 866</b>	<b>214 969</b>	<b>203 650</b>	<b>7 784</b>
<b>Sum Medisinsk klinikk</b>	<b>468 490</b>	<b>381 312</b>	<b>407 312</b>	<b>395 363</b>	<b>14 051</b>

Endringar frå rekneskap 2016 til budsjett 2017 er ikkje utan vidare råd å samanlikne. 2017-tala er utan moms (reduksjon på 38,8 mill. i høve rekneskap 2016), i tillegg er det ein samla reduksjon av pensjonskostnader på 35,6 millionar kroner. Budsjett 2017 inneheldt innsparringstiltak på 25,7 millionar kroner i høve rekneskap 2016.

## 4 Aktivitet

Aktivitet - Medisinsk Klinik		Oppnådd 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18 - B17
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	11 868	11 933	12 193	12 576	643
DRG-poeng H-resept	A	1 366	1 358	1 294	1 618	260
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar), B	B	113	103	123	123	21
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	A+B	13 348	13 394	13 610	14 318	924
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	156	156	67	67	-89
Sum DRG-poeng, ISF inntekt Helse Førdes ansvarsområde	A+C	13 391	13 447	13 554	14 262	814
Tal dagbehandling		7 251	7 218	7 900	7 900	682
Tal sjukehusopphold / heildøgnsopphald		9 424	9 670	9 818	9 700	30
Tal polikliniske konsultasjonar		56 513	55 010	54 150	52 925	-2 085

Tal produserte DRG-poeng er auka med 924 i høve budsjett 2017. Endringane er innanfor følgjande område:

Vidareføring auka aktivitet frå prognose 2017	197
Omlegging finansiering av H-resept legemiddel frå ramme til ISF finansiert. Legemiddel som vart overført frå trygda til HF i 2017	466
Reduksjon i vektning H-resept legemiddel	-122
Auka DRG vektning inneliggande pasientar	383
<b>Sum auke frå budsjett 2017 til 2018</b>	<b>924</b>

Gjestepasientar og kjøp av tenester frå Feiringklinikken er vidareført i høve prognose.

Budsjettert tal dagbehandling innanfor dei ulike einingane i klinikken syner følgjande:

Dagopphald-dagbehandling	Oppnådd 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
Dialyse Førde	2 500	2 502	2 408	2 408	-94
Dialyse Lærdal	927	944	1 089	1 089	145
Dialyse Eid	950	960	1 156	1 156	196
Medisinsk seksjon Førde	50	37	50	50	13
Revmatologisk seksjon	0	0	0	0	0
Kreft poliklinikk	2 381	2 420	2 630	2 630	210
Hud poliklinikk Førde	25	11	34	34	23
Hud poliklinikk Lærdal	2	1	0	0	-1
Hud poliklinikk Eid	2	1	3	3	2
Barne poliklinikk Førde	18	24	25	25	1
Medisinsk poliklinikk Førde	21	21	23	23	2
Medisinsk poliklinikk Lærdal	205	131	217	217	86
Medisinsk poliklinikk Eid	166	166	260	260	94
Nevrologisk/Revma poliklinikk Førde	4	0	4	4	4
<b>Sum dagopphald</b>	<b>7 251</b>	<b>7 218</b>	<b>7 900</b>	<b>7 900</b>	<b>682</b>

Auken frå 2016 til 2017, og budsjett 2018, er i hovudsak innanfor dialyse og kreftbehandling. Tal frå medisinsk poliklinikk LSH og NSH er i hovudsak dagpasientar innanfor kreftområdet.

Heildøgnsopphald	Oppnådd 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
Barne sengepost Førde	713	716	801	776	60
Medisinsk sengepost Førde	3 657	3 824	4 046	3 993	169
Medisinsk sengepost Lærdal	1 304	1 294	1 331	1 360	66
Medisinsk sengepost Eid	1 747	1 779	1 621	1 620	-159
Kreft sengepost	711	716	670	658	-58
Sengepost AFMR, nevro og revmatologi	1 292	1 341	1 349	1 293	-48
<b>Sum heildøgn opphald</b>	<b>9 424</b>	<b>9 670</b>	<b>9 818</b>	<b>9 700</b>	<b>30</b>

I budsjett for tal heildøgnsopphald har vi vidareført forventta aktivitet i 2017.

Polikliniske konsultasjonar	Oppnådd 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18-B17
Pediatrikk poliklinikk Førde	3 860	3 884	4 029	3 906	22
Pediatrikk poliklinikk Eid	373	369	360	331	-38
Pediatrikk poliklinikk Lærdal	127	141	75	52	-89
Hud poliklinikk samla	17 726	16 913	16 521	15 000	-1 913
Medisinsk poliklinikk Førde	10 879	10 549	11 501	10 975	426
Medisinsk poliklinikk Eid	5 671	5 626	5 493	5 686	60
Medisinsk poliklinikk Lærdal	2 711	2 647	2 705	3 000	353
Medisinsk poliklinikk Florø	308	259	177	179	-80
Kreft poliklinikk	2 439	2 501	2 355	2 325	-176
Barnehabilitering	178	226	207	179	-47
AFMR	1 160	1 209	946	1 550	341
Nevrologisk poliklinikk	4 672	4 392	3 853	4 100	-292
Revmatologisk poliklinikk	6 352	6 253	5 793	5 500	-753
Rehabilitering Eid	57	40	135	142	102
<b>Sum poliklinikk</b>	<b>56 513</b>	<b>55 010</b>	<b>54 150</b>	<b>52 925</b>	<b>-2 085</b>

I budsjettet for poliklinisk aktivitet er det tatt omsyn til utviklinga i 2017 og budsjetterte tilgjengelege legeressursar i 2018.

## 5 Bemanning

Månadsverk:


Tabell under syner utvikling av netto månadsverk per avdeling i medisinsk klinikk med utgangspunkt i planlagde tiltak på reduksjon av personalkostnader i 2018. Endring er i høve snitt for 2017.

Netto månadsverk	Snitt 2016	Snitt 2017	okt.17	Budsjett 2018	Endring B18 - snitt 17	Merknad
Avdeling for Nevrologi, Revmatologi og Rehabilitering	63,1	63,9	62,3	59,5	-4,4	to stillingar sengepost, reduksjon i overtid, ledig overlege nevrologi og lis lege revmatologi
Avdeling for patologi	14,8	15,8	16,6	15,1	-0,7	ledig lis lege
Barneavdeling	62,9	62,4	60,3	58,1	-4,3	Halde ledig ei stilling på sengepostane - halvere overtid og innleie. Ikkje tilsette i ledig stilling i
Hud avdeling	15,1	17,3	17,9	15,3	-2,0	reduksjon variabel lønn og faste tillegg legar
Kreftavdelinga	44,9	42,9	43,1	38,6	-4,3	reduisert innleie firma legar, redusert innleie og overtid sjukepl., redusert bemanning dagtid
Lab. medisinsk biokjemi og blodbank	54,5	53,2	55,7	52,9	-0,3	overtid FSS
Samhandling og tverrprofesjonelle	36,2	35,4	37,2	35,2	-0,2	sektretær LMS
Medisinsk avdeling	248,0	245,4	252,9	224,7	-20,7	reduksjon legeressursar FSS, aktivitetstyrd bemanning, reduksjon innleie firma og overtid
Medisinsk Serviceseksjon Førde	27,8	27,3	26,7	24,4	-2,9	faste stillingar ved naturleg avgang
Mikrobiologisk avdeling	19,4	18,8	21,0	19,0	0,1	heilårsverknad
Radiologisk avdeling	61,7	59,3	60,7	55,7	-3,6	reduksjon vikarinleie radiolog, endra vaktordning LSH/NSH, ledig radiograf stillingar
Serviceseksjon Lærdal	6,9	5,9	5,7	5,3	-0,6	stillingar ved naturleg avgang
Klinikk medisin felles	3,0	3,0	3,0	3,0	0,0	
<b>Sum Medisinsk klinikk</b>	<b>658,4</b>	<b>650,7</b>	<b>663,1</b>	<b>606,7</b>	<b>-44,0</b>	

Endringa synleggjer eit teoretisk nedtak av månadsverk som i hovudsak er knytt opp til reduksjon i innleie frå firma, overtid/ekstrahjelp, samt betre planlegging der ein unngår «dyre» timar (hol i årsturnus). Endringar i stillingar utgjer samla om lag 14 årsverk. Endringane blir ved naturleg avgang.

Sjukefråvær:

Sjukefråværet i medisinsk klinikk har hatt ein jamn nedgang siste året. Målet for klinikken er å nærma seg 5 prosent fråvær.



## 6. Budsjettprosess

Det har sidan mai vore møte med alle avdelingar. Kvar avdeling har utarbeidd budsjettframlegg innanfor si tildelte ramme, med deltaking av tillitsvalde og verneuteneste.

Prosess vedr. budsjett 2018		
Møtedato	Deltakarar	Tema
9. mai	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 1 - 2017
23. juni	Klinikkdirektør	Fyrste rammer for budsjett 2018 tildelt klinikkane
7. juli	Avdelingssjefar	Bestilling til alle avdelingssjefar rundt nye tiltak 2017
1. september	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Innsparingspakke 2017 med årsverknad 2018, krav med bakgrunn i prognose 1
12. september	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Prognose 2 - 2017
27. september	Klinikkråd - alle leiarar	Informasjon om utfordring og rammer budsjett 2018
3. oktober	Klinikktilitsvalde og verneombud	Orientering om budsjetttramme delt ut på seksjonsnivå
4. oktober	Avdelingssjefar	Gjennomgang rammer på seksjonsnivå
6. oktober	Klinikkdirektør	Gjennomgang budsjettstatus med økonomidirektør
25. oktober	Klinikkråd - alle leiarar	Status budsjett tiltak
10. november	Avdelingssjefar, seksjonsleiarar, einingsleiarar	Frist for å levere tiltakspakke i høve tildelt ramme, med ROS analyse
10. november	Klinikkdirektør	Gjennomgang budsjettstatus med adm.dir. og økonomidir.
15. november	KAMU	Status budsjett prosess
15. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Informasjonsmøte om budsjett 2018
27. november	Klinikktilitsvalde og verneombud	Drøftingsmøte om budsjett 2018
30. november	KAMU	Behandling budsjett 2018